



Til  
Adressatar i følgje liste

Vår dato: 25.06.2019  
Vår ref: 2019/12618  
  
Dykkar dato: «REFDATO»  
Dykkar ref: «REF»

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tom Dybwad, 5764 3123

## Marint vern i Dalsfjorden - referat frå møte 05.06.2019 med kommunane Gaular, Fjaler og Askvoll

Vi takkar for godt og konstruktivt møte 05.06.2019.

Møtet kom i stand i fordi Fylkesmannen ønskete å informere om arbeidet med marint vern og få tilbakemelding og innspel frå kommunane før vi utarbeider eit framlegg til vern som vert sendt på høyring.

Under følgjer referat frå møtet.'

### Til stades:

Bente Nesse, Fjaler kommune  
Mathias Råheim, Gaular kommune  
Kjersti Sande Tveit, Askvoll kommune  
Ole Martin Klausen, Askvoll kommune  
Stig Olav Kleiven, Gaular kommune  
Truls Folkestad, Gaular kommune  
Stein Byrkjeland, Fylkesmannen i Vestland  
Eline Orheim, Fylkesmannen i Vestland  
Tom Dybwad, Fylkesmannen i Vestland

### **1. Velkommen og presentasjon**

**Eline Orheim ønskte velkommen. Presentasjonsrunde**

### **2. Gjennomgang av marint vern kring Stad**

**Tom Dybwad gjekk gjennom sak (sjå vedlagt powerpoint)**



### 3. Gjennomgang og diskusjon av ulike tema

#### Grense grunne område

Vern i grunne område (m.a. Kappstadvika, Sundnes, Standnes) skal vere naturfagleg basert. Det vanlege vil vere å trekke grensa ved marbakken dvs. på 2 meters djupne (ref. til høgdekote 0), men ein kjem også inn på privat eigedom i grunne område der det er viktige naturverdiar. Nøyaktig grensedraging vil verte grundig vurdert i samband med synfaring med båt i juni/juli i år. Dersom grensa vert trekt over privat eigedom kan grunneigar krevje erstatning. Fylkesmannen vil så langt som råd ta omsyn til innspel i grunne område som vert inkludert i det marine vernet. Grensa i grunne område vil bli tilpassa gjeldande reguleringsplanar.

I grunne område kan vedlikehaldsmudring halde fram, medan bøyer for båt o.a. som skal festast i botnen må ha løyve. Ein kan rekne med å få løyve til vanlege bøyer for fortøyning og liknande.

#### Turistbåtar

Kommunane opplyser at det er ein auke i tal turistbåtar som kjem inn i Dalsfjorden, og ser det som viktig å unngå utslepp av ballastvatn og gråvatn. Fylkesmannen vil vurdere på kva måte dette kan takast inn i verneforskrifta.

#### Fv 57 og bru over Svedsundet

Utbetring av Fv 57 vil neppe kome i konflikt med marint vern. Dumping av massar i fjorden må ein søkje å unngå, også uavhengig av marint vern.

For bru over Svedsundet er fleire alternativ utgreidd. Dersom bruha kjem på den smalaste staden, kan bruha gå i eitt spenn utan påle. Dersom bruha må leggjast ein annan stad (m.a. på brunn av mogleg konflikt med kulturminne), kan det bli aktuelt med påle.

Reguleringsplanarbeidet for bruha er ikkje i gang.

#### Kablar på sjøbotn

Nye kablar på sjøbotn bør leggjast samla om det er praktisk mogleg.

#### Marin grunnkartlegging v/NGU

Marin grunnkartlegging er viktig. Fylkesmannen vil bidra til marin grunnkartlegging i kommunane ved å betale for marine grunnkartlegging i området der det er sendt oppstartmelding for marint vern, dvs. innanfor Dalsfjordbruha.

#### Dalsfjorden som resipient

Vassdirektivet og vasskvaliteten i fjorden er viktig uavhengig av marint vern. God økologisk tilstand er målet. Dalsfjorden er mykje reinare no enn før, og folk badar i indre delar. Det er mindre ureining frå landbruk, og det renn mindre kloakk i fjorden.



Kommunane stilte spørsmål om marint vern vil føre til at det strengare forskrifter på kloakkvatn. Avløp vert regulert gjennom forureiningsforskrifta, det gjeld også innanfor marine verneområde.

Kommunane ser behov for betre kunnskap om Dalsfjorden sin resipientkapasitet. Dette vil vere nyttig blant anna som grunnlag for å utarbeide ei lokal forskrift med utsleppskrav. Kommunane kan søkje om skjønnsmidlar til dette. For 2019 er skjønnsmidlane fordelt. Søknadsfristen for 2020 er ikkje bestemt enno. Kanskje ein kan lære av Sund, Austevoll kommunar i Krossfjorden, og samanlikne tilstanden.

#### Fiske i Dalsfjorden og Gaula

Det er veldig bra fiske i Dalsfjorden. Det vil vere positivt om marint vern kan betre forvaltninga av laks og sjøaure. Fylkesmannen vil ta det opp med fiskeforvaltarane.

Gaular er nasjonalt laksevassdrag. Vassdraget har vore utsett for stor ekstern påverknad gjennom sur nedbør. Kommunane er opptekne av at Staten bør vise at ordninga med nasjonale laksefjordar fungerer.

Det er tre bedrifter som leiger ut båtar i Dalsfjorden til turistar, som fiskar.

#### Framtida

Kommunane framheva at det er viktig med god forvaltning i framtida: forvaltningsplan, forutsigbarheit, økonomi, randsoner. Kommunane ønskjer eit årleg budsjett til skjøtsel som fremjar verneformålet.

For kommunane er det aktuelt å be om eit fond som følgjer vedtaket om vern.

Det kan det vere aktuelt å opprette eit rådgivande utval, m.a. fordi her er fleire direktorat med ulike ansvarsområde. Forvaltninga må ikkje verte meir tungrodd.

#### Arealplanlegging i dei tre kommunane

Dalsfjorden skal framover forvaltast som om marint vern er vedteke. Området skal leggjast inn i planar, og arealplanlegginga bør gjerast i lys av at Dalsfjorden er kandidatområde for marint vern.

### **4. Oppfølgingspunkt etter møtet**

Kommunane sender vedtekne (regulerings)planar til Fylkesmannen, slik at Fylkesmannen kan ta omsyn til desse ved utarbeiding av framlegg til grense for marint vern i Dalsfjorden.



Det vert felles synfaring i Dalsfjorden i juni/juli for å sjå på grunne område og for å finne avgrensinga her. Verneforskrifta må utformast slik at ein får til gode ordningar for grunneigarane i grunne område.

*Referat 24.06.2019 v/ Tom Dybwad*

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Tom Dybwad  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Foredrag frå Tom Dybwad på møtet 05.06.2019

Mottakerliste:

Askvoll kommune  
Fjaler kommune  
Gauland kommune

Kopi til

Miljødirektoratet  
Fiskeridirektoratet